



Dato: 09.10.2024

Vår ref: 24/01901-5 jm782

Dykkar ref:

Høyring – regulering av styringstenesta i Den norske kyrkja i kyrkjeordninga og av tilhøvet mellom prestetenesta og verksemda til soknerådet

I dette høyringsnotatet blir det presentert to saker som er oppfølging av tidlegare vedtak i Kyrkjemøtet i 2023 og 2024.

Den første saka gjeld forslag om ein ny paragraf i kyrkjeordninga for Den norske kyrkja. Paragrafen vil stadfeste:

- a) kyrkjelege verv som ei eiga styringsteneste i kyrkja og
- b) «samvirkeprinsippet», om kyrkjelege styringsorgan som eit samvirke mellom valde representantar for kyrkjelyden og tenesta med Ord og sakrament.

Den andre saka handlar om tilhøvet mellom prestetenesta og soknerådet, og den inneheld forslag om å klargjere i tenesteordninga til prestane at dei er forplikta på dei planane og prioriteringane som soknerådet fastset. Denne forpliktinga er innanfor ramma av dei gjeremåla som elles er fastsett for presten i tenesteordninga. I begge sakene er det lagt til grunn at regelendingane ikkje inneber realitetsendingar, men at dei klargjer gjeldande rett.

Høyringa blir sendt til eit utval av sokneråda og dei kyrkjelege fellesråda, men alle som vil, kan gi høyringsuttale. I tillegg blir høyringa sendt til bispedømeråda, dei teologiske utdanningsinstitusjonane som har rett til å gi cand.theol.-utdanning, fagforeiningane, Den norske kyrkja sitt ungdomsutval, Den norske kyrkja sitt råd for personar med funksjonsnedsettingar, Hovedorganisasjonen KA, Bønnelista, Frimodig Kirke, Interesseforeningen for Nominasjonskomiteens liste, Åpen folkekirke og Nettverk for fellesrådsledere.

Høyringsnotatet er vedlagt. Kyrkjerådet ber høyringsinstansane fylla ut [eit digitalt skjema for høyrings svar](#). Vedlagt er ein PDF med oversikt over høyringss spørsmål. Dersom de ynskjer å gi ein samanhengande høyringsuttale til heile høyringsnotatet, kan den leggest inn under «andre kommentarar» nedst i skjemaet, men vi ynskjer likevel at de svarar på de andre høyringss spørsmål.

Alle kan gi høyringsuttale. Høyringsuttaler er offentlege etter offentleglova, jf. kyrkjeordninga § 42, og vil bli offentleggjorde på kirken.no.

Frist for å sende inn høyringssvar er **6. desember 2024**.

Med helsing

Ole Edvard Wold-Reitan
direktør

Torbjørn Backer Hjorthaug
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Høringsnotat - styringstenesta i kyrkjeordninga

Spørsmål til høyring om regulering av styringstenesta og tilhøvet mellom prestetenesta og verksemda til soknerådet

Høringsmottakere - kirkelige fellesråd og menighetsråd i ettsoknskommuner

Høringsmottakere - sokneråd

Mottakrar:

Click here to enter text., Click here to enter text.

Click here to enter text.

Click here to enter text.